

1 Innleiing frå styret

I samband med hundreårsjubileet i september 2010 sa statsminister Stoltenberg at "NTNU har bygd det moderne Noreg". Det er store ord, slik det sømer seg ved eit stort høve, men styret sett pris på at regjeringa meiner NTNU har hatt og har eit viktig samfunnsoppdrag. Mottoet for jubileumsfeiringa var "100 skapande år". Det er ikkje berre ein karakteristikk av universitetet sin verksemd til no, men òg ein visjon for arbeidet vårt i framtida. NTNU har skapt mykje, men vil skape mykje meir.

Jubileet ga høve til å sjå både attende og framover. Dei talrike arrangementa og informasjonstiltaka ga auka merksemd om kva NTNU har stått for gjennom hundre år og kva universitetet har å seie for samfunnet i dag. Det er bra for omverda å vite, men det styrkjer òg sjølvkjensla hjå studentar og tilsette. Styret har merkt seg med glede at hundreårsfeiringa har vore med på å byggje ein positiv NTNU-identitet og ei større "vi-kjensle". Det blir viktig å ta vare på denne framover når universitetet gir seg i kast med nye og store utfordringar.

I 2010 har heile organisasjonen, frå grunneiningar til styre, vore med på utviklinga av NTNU sine strategiar. Universitetsleiinga har hatt ei rekkje møte med fakultet og institutt, og har fått ei mengd konstruktive innspel i prosessen. Nett før jul blei utkastet til ny strategi sendt ut på brei høyring, og strategi var òg tema på den årlege leiarsamlinga på Røros i januar. Det står att å handsame alle høyringsutsegnene og innarbeide synspunkt, men allereie no kan vi seie at strategien vil halde fast på visjonen om å vere eit internasjonalt framifrå universitet. Dei overordna måla har fått eit tydelegare innhald og er koplade betre til samfunnsoppdraget. NTNU skal nytte ressursane sine på å auke den kulturelle, sosiale og økonomiske verdiskapinga i samfunnet. Verdiane og arbeidsmiljø har fått ein meir framskutt plass, og kvalitetsheving er eit gjennomgåande omgrep for heile verksemda. Styret tar sikte på å vedta den nye strategien på sitt møte i mars. Vi er nøgde med prosessen så langt, og trur at den nye strategien vil bli eit godt styringsverktøy for framtida.

NTNU har hatt store framgangar i 2010. Søknaden til studia våre er framleis god, både i omfang og kvalitet. 11 000 søkjarar hadde NTNU på fyrsteplass ved opptaket, det vil seie 1,7 primærsøkjarar i snitt for kvar studieplass. Ikkje minst har NTNU tatt ei leiande posisjon i lærarutdanninga med 50 % auka opptak. Undersøkingar syner at kandidatane våre er nøgde med læringssmiljøet og utdanninga dei får, og dei er etterspurde på arbeidsmarknaden. På forskingssida gler vi oss over nye ERC Advanced Grant til to av våre tilsette, som dermed markerer seg i internasjonal eliteforskning. Samarbeidet med dei kinesiske toppuniversiteta Shanghai Jiao Tong og Chongqing har fått eit løft gjennom etableringa av tre Joint Research Centres. NTNU har gjort det godt i konkurransen om midlar til storskala forskingsinfrastruktur, og fekk i 2010 tildeling av to store prosjekt innafor nanoteknologi og biobankar. Når òg Kunnskapsdepartementet løyva 40 millionar kroner ekstra til infrastruktur for forskning på karbonfangst og -lagring, må vi seie oss særleg nøgde med utviklinga. På nyskapingfeltet har NTNU oppnådd svært gode resultat og presseomtalar med omsyn til nye bedriftsetableringar og lisensavtalar. NTNU satsa mykje på "grøn" innovasjon, særleg energi- og miljøteknologi. Styret har òg merka seg at det langsiktige arbeidet med å få fram fleire kvinnelege etablerarar no ser ut til å bere frukter.

Det har altså vore eit godt år for NTNU, men det jamt over positive biletet inneheld sjølvsagt også krevjande utfordringar. Arbeidstilsynets rapportar frå tilsyn ved nokre av fagmiljøa er ei påminning om at vi framleis ikkje er gode nok når det gjeld helse, miljø og tryggleik på alle

område. Styret har stilt klare krav om at det må bli rydda opp i dei dårlege laboratorietilhøva på kjemi, og er nøgd med at leiinga har tatt grep for å løyse problema. I 2011 skal NTNU ha eit databasert avvikssystem på plass, og det langsiktige HMS-arbeidet må og skal ha høg prioritet.

Nokre av HMS-utfordringane har samband med ein pressa arealsituasjon og mykje gammal bygningsmasse. Regjeringa si satsing på vitenskapleg utstyr og infrastruktur har hausta lovord frå sektoren, og er eit viktig tiltak for at universiteta skal løyse samfunnsoppdraget. Ei tilsvarande opprusting av bygningsmassen må også til, mellom anna for å dra full nytte av den nye forskingsinfrastrukturen. Innafor ordinære rammer maktar ikkje NTNU dei løfta som krevjast for å oppfylle campusplanen på rimeleg tid. Det er truleg naudsynt både å auke dei statlege løyvingane til nybygg og å finne nye modellar for finansiering.

Styret er samstundes opptatt av at NTNU nyttar dei ressursane vi rår over så effektivt som mogleg. Det gjeld både menneskelege og materielle ressursar. Skal vi nå dei høge måla vi har sett for NTNU, må vi skape eit tilstrekkeleg strategisk handlingsrom. Vi må frigjere meir tid til primæroppgåvene, og vi må ha økonomiske verkemiddel til å fremje høg kvalitet i forskning og utdanning. Det krev framfor alt god leiing, betre organisering og tenlege system. Men det fordrar òg at vi omset dei økonomiske midlane vi har i produktiv fagleg aktivitet.

Kva infrastruktur vi enn har – det er menneska som gjer NTNU til eit framifrå universitet. Styret vil nytte høvet til å takke studentar og tilsette for ein heilhjerta innsats i 2010. Med deira entusiasme og dugleik har NTNU løfta seg i jubileumsåret. Det lovar godt for åra som kjem.